



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 10.09.2018
Tid: 09:00 - 11:50

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H
Espen Harkestad	Medlem	AP – gjekk kl. 11.45 under behandling av sak 51/18

Forfall:

Svein Petter Bergh	MEDL	SL
May Elin Limevåg	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Elna Nybakk	for Svein Petter Bergh	SL
Jørgen Kausland	for May Elin Limevåg	H

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, prosjektleiar Kristina Espeseth, leiar for NAV Øygarden Vidar Sangolt, psykolog i PPT-tenesta i Sund kommune Birgit Frantzen, trainee Line Markhus, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 48/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 49/18	Referatsaker og orienteringar
RS 5/18	Oversyn over reglar om gildskap i samband med kommunale selskap, stiftingar m.m. v/kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal
PS 50/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 51/18	Valstyre for Nye Øygarden kommune - val av medlemmer

PS 48/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Innkalling og protokoll frå førre møte (18.06.18) vart godkjente utan merknader.

Sakslista vart godkjent utan merknader, men undervegs i møtet vart sak 51/18 skyve fram og behandla rett etter sak 49/18.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 49/18 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

- Melding frå KS Vest om dagsamling i Bergen onsdag 7.november kl. 10-16, for fellesnemndene i alle samanslåingskommunane i Hordaland og Sogn & Fjordane. *Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, bad alle om å halde av datoen førebels så vil program for samlinga kome etterkvart.*

Orientering om Stimulab-prosjektet «Samordna teneste for utsette barn og unge og deira pårørande – ny teneste i ny samanslått kommune» v/ prosjektleiar Kristina Espeseth

Espeseth informerte om prosjektet, på tvers av dei tre kommunane, som er finansiert med eksterne innovasjonsmidlar i tillegg til midlar frå prosjektorganisasjonen. Prosjektet handlar om førebygging og heilskapleg tenesteutvikling med brukaren i fokus og samhandling på tvers i kommunen. Metoden i prosjektet går ut på å avdekke faktiske behov, utforske dei største hindringane i samhandlinga, og deretter teste ut ulike løysingar før ein landar. Den beste løysinga skal overførast til organisasjonen for å kunne brukast i fleire tenestemråder i den nye kommunen. *Etter orienteringa var fellesnemnda opptekne av at målgruppa, «utsette barn og unge og deira pårørande», må spissast og definerast tydeleg. Det vart også peika på at når brukar har behov for kommunale tenester så må det vere éi dør inn – éin tenesteytar å halde kontakten med – og at rette tenester vert kopla på og involvert i prosessen, snakkar saman på*

tvers, for å dekke brukaren sine behov optimalt. Det vart vidare peika på at framdriftsplanen til prosjektet bør innehalde kontaktpunkt med fellesnemnda som sikrar informasjonsflyt og høve til politisk påverknad.

Orientering om Lokaldemokrati og identitet v/ leiar av arbeidsgruppa Tom Georg

Indrevik

Indrevik viste til spørjeundersøking i regi av arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet, som innbyggjarar i dei tre kommunane har svart på, og presenterte resultata frå undersøkinga. Metodisk er det utfordringar med at det hovudsakleg er innbyggjarar mellom 41-60 år og som har budd i kommunen meir enn 10 år som har svart på undersøkinga, og nesten ingen under 18 år. Det vil såleis jobbast særskilt med å nå dei unge, på ulike arenaer, framover. Indrevik trakk fram andre moment frå undersøkinga, som å satse på fleire lokale arbeidsplassar, tiltak for å auke valdeltakinga ved komande kommuneval, tiltak for å bygge «vi-kjensle» i den nye kommunen, legge til rette for at innbyggjarane kan få seie meininga si t.d. innbyggjarutval. *Etter presentasjonen vart det peika på at Nye Øygarden kommune sitt valstyre kan ta med seg fleire av innspela frå undersøkinga i arbeidet sitt. Fellesnemnda vil få utdelt rapport frå undersøkinga.*

Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid

Lid gav ein grundig gjennomgang av prosessen med utlysing av kommunalsjefstillingar og viste til at status no, med ekstern utlysing, mest sannsynleg gjev tilsetjing i oktober/november 2018 eventuelt februar/mars 2019. Lid gav deretter statusmelding om prosjektorganisasjonen, med særskilt vekt på at den overordna styringsgruppa sine delprosjektleiarar må frikjøpast blant tilsette i dei tre kommunane fram til kommunalsjefar vert tilsett. Når det gjaldt «milepelsplan» for prosjektarbeidet så viste Lid til at det nye prosjektstyringsverktøyet, Projectplace, snart vil kunne presentere ein framdriftsplan for dei ulike delprosjekta slik at prosessen vert meir oversiktleg og føreseieleg for fellesnemnda. Ny trainee i prosjektorganisasjonen, Line Markhus, fekk deretter presentere seg. Markhus har master i innovasjon og leiing, og skal utvikle prosjektstyringsverktøyet Projectplace slik at det vert handterbart for den overordna styringsgruppa. Dei ulike prosjektmedlemene blir tildelt arbeidsoppgåver, og kan kommunisere med kvarandre i det nettbaserte arbeidsområdet noko som sikrar effektiv framdrift i prosjektet. Lid informerte deretter om styringsgruppemøta og gav statusmelding for pågåande prosjekt med oppfølging av vedtak i fellesnemnda. *Etter presentasjonen stilte Ernst M. Einarsen spørsmål om prosjektorganisasjonen allereie no bør setje i gang arbeidet med samfunnsplan for nye Øygarden kommune, for å sikre jamn utvikling av planarbeidet som er i «dvale» i eksisterande kommunar, då det er vesentleg for utviklinga og budsjettet til den nye kommunen. Både leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, og prosjektrådmann Rune Lid, viste til at det vil kome ei eiga sak til neste møtet i fellesnemnda om slike «grensesnitt-områder» mellom noverande kommunar og den nye kommunen.*

Orientering frå leiar i fellesnemnda Børge Haugetun

Haugetun informerte kort om leiargruppa sine møter; tilsetjingsutvalet; arkiv og postjournal i prosjektorganisasjonen; status for plassering av Sotra vidaregåande skule. Kari-Anne Landro informerte deretter kort frå Regionrådet Vest og viste til at regionrådet vil koordinere søknader om skjønnsmidlar med fellesnemnda, etter søknadsfristen.

Referatsaker og orienteringar vart elles tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

RS 5/18 Oversyn over reglar om gildskap i samband med kommunale selskap, stiftingar m.m. v/kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 50/18 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål under behandlinga av saka.

PS 51/18 Valstyre for Nye Øygarden kommune - val av medlemmer

Innstilling:

Det vert valt 9 medlemmer til valstyret, 3 frå kvar kommune med ordførarane som faste representantar:

Fjell	Sund	Øygarden
• Marianne Sandahl Bjørøy	• Kari-Anne Landro	• Børge Haugetun
•	•	•
•	•	•
<i>Vara</i>	<i>Vara</i>	<i>Vara</i>
•	•	•

Som leiar vert valt:

.....

Fellesnemnda delegerer mynde til valstyret i samsvar med vallova og forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019; FOR2018-05-02-671

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Medlem Espen Harketstad måtte gå under behandlinga av saka, så det var seksten medlemmer til stades i utvalet ved avstemminga.

Framlegg om følgjande medlemmer med vara til valstyret for Nye Øygarden kommune frå Sund kommune v/ Jørgen Kausland:

- Kari-Anne Landro
- Nils Kåre Skoge
- Jogeir Sognnæs
- *Vara:* May Elin Limevåg

Framlegg om følgjande medlemmer med vara til valstyret for Nye Øygarden kommune frå Øygarden kommune v/ Børge Haugetun:

- Børge Haugetun
- Espen Harkestad
- Ingrid Marie Toft
- *Vara:* Silvia Haugland

Framlegg om følgjande medlemmer med vara til valstyret for Nye Øygarden kommune frå Fjell kommune v/ Marianne Sandahl BJORØY:

- Marianne Sandahl BJORØY
- Tom Georg Indrevik
- Anita Garlid Johannesen
- *Vara:* Odd Bjarne Skogestad

Innstillinga, med framlegga om medlemmer og vara til valstyret, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 10.09.2018:

Det vert valt 9 medlemmer til valstyret, 3 frå kvar kommune med ordførarane som faste representantar:

Fjell	Sund	Øygarden
<ul style="list-style-type: none">• Marianne Sandahl BJORØY• Tom Georg Indrevik• Anita Garlid Johannesen	<ul style="list-style-type: none">• Kari-Anne Landro• Nils Kåre Skoge• Jogeir Sognnæs	<ul style="list-style-type: none">• Børge Haugetun• Espen Harkestad• Ingrid Marie Toft
<i>Vara</i>	<i>Vara</i>	<i>Vara</i>
<ul style="list-style-type: none">• Odd Bjarne Skogestad	<ul style="list-style-type: none">• May Elin Limevåg	<ul style="list-style-type: none">• Silvia Haugland

Som leiar vert valt:
Marianne Sandahl BJORØY.

Fellesnemnda delegerer mynde til valstyret i samsvar med vallova og forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019; FOR2018-05-02-671